

Eldar Heide:

Nordnorsk *hau* 'hovud' lånt frå Trøndelag?

Artikkelen har stått i *Håløygminne* 2002, s. 113-134.

Kva bakgrunn har nordnorsk *hau* 'hovud'? Ordforma blir oppfatta som "erkenordnorsk", men det kan sjå ut til at det i Nord-Noreg er ei lånt form, som har trengt ut eldre nordnorske former. På Midt- og Nord-Helgeland og i Salten er den tradisjonelle forma *høv(v)*¹. På Sør-Helgeland og nordover frå og med Lofoten og Ofoten til Vest-Finnmark finst forma *hov(v)e* i eldre dialekt, men alltid i lag med *hau*. Dét har vorti forklart på to måtar: A. Det er to opphavsformer: *Høfuð* har gjevi *hovve*, medan *hau* kjem av ei anna gammalnorsk form. B. *Hovve* er lånt frå Vestlandet. I denne artikkelen legg eg imot begge desse forklaringane, og føreslår i staden at det er *hau* som er lånt. Eg føreslår at *hau* er kommi til Nord-Noreg med trondheimsborgarane sin direktehandel frå 1500-talet av, og at forma seinare er hjelpt fram av trønderfiskarane som for til Lofoten på 1800-talet. Artikkelen bygger på målføresynopsen, målføresamlinga til Hallfrid Christiansen, ordsamlingar frå dansketida, målførelitteratur og nyinnsamla opplysningar.

1. Materialet. Utbreiinga av formene

Kjernen i opplysningane eg har om formene av *hovud* i Nord-Noreg, er frå målføresamlinga til Hallfrid Christiansen (forkorta H. Chr.-samlinga) og målføresynopsen (nærare om den hos Bakken 2000:7, note 4). Det er berre ordsetelarkivet til Hallfrid Christiansen eg har gått gjennom. Notata som ordsetlane bygger på, har eg ikkje hatt tid til å gå gjennom; dei utgjer oppimot ein hyllemeter. Hallfrid Christiansen samla inn opplysningane sine frå 1930-talet til

¹ Målføreformene skriv eg vanlegvis i forenkla, halvnormalisert form, utan lydskrift, m.a. med lengdmarkering som i rettskrivinga (enkel og dobbel konsonant). Berre når eg meiner meir nøyaktig uttaleform er vesentleg for drøftinga, skriv eg lydskrift. Slik IPA-konvensjonen er, markerer eg i lydskrifta lengda berre på vokalen. I /hø:v/ er vokalen lang, og utlyds-konsonanten dermed kort. I /høv/ og /^hhovø/ er vokalen kort, og konsonanten (v-en) dermed lang. Systemet for lengdmarkering er altså motsett av det vi har i det norske skriftspråket. Litt meir om IPA-lydskrifta: Det heva 2-talet i /^hhovø/ fortel at ordet blir uttala med tostavingstonelag. Lydskriftteiknet /~~h~~/ blir uttala som vokalen i *gul*, /u/ som vokalen i *sol*, og /o/ som vokalen i normaluttalen av *bål*. /ɔ/ står for ein vokal mellom /o/ og /a/. Dette er forenkla. I mange av sitata er det brukt ei eiga norsk lydskrift, *norvegia*, som har nærare samsvar med det vanlege skriftbiletet i norsk.

utpå 1960-talet (munnl. oppl. Aud-Kirsti Pedersen). På Helgeland og i Salten er synopsopplysningane dei fleste stadene samla inn frå slutten av 1940-talet til 1960. Men i Brønnøysund, Bodin, Beiarn, og delvis i Rødøy og Saltdal, er dei frå 1930-talet, og i Rana frå 1960-talet. I Vega, Tjøtta, Leirfjord og Hattfjelldal er dei frå fyrste halvta av 1970-talet, og Fauske og Steigen fekk eit tillegg da. I Ofoten er opplysningane frå midten av 1950-talet til fyrsten av 1960-talet. I Lofoten er dei frå perioden 1953-1963, men i Borge er noko frå 1946. I Vesterålen er opplysningane stort sett frå perioden 1957-1962, men i Hadsel er det òg opplysningar frå 1938, og der og i Bø er det tilleggsopplysningar frå 1970-talet. I Troms er det meste samla inn frå midten av 1950-talet til fyrsten av 1960-talet, men i Sørfjorden i Ullsfjorden frå "før 1940". I Finnmark er opplysningane frå 1960-62, bortsett frå Kirkenes, der dei er frå 1971. For å fylle ut opplysningane i synopsen og H. Chr.-samlinga har eg sjekka dei nordnorske ordsamlingane eg veit om frå dansketida. Det er Bork 1956, Colban 1957, Schytte 1807 (i Frette 1944) og Steen 1993. Desse opplysningane har eg supplert med målførelitteratur, slik som opplyst i tabellen nedanfor. Eg har også gått gjennom *hovudsetlane* i arkivet til Norsk ordbok (<http://www.dokpro.uio.no/cgi-bin/leksikografi/setelarkivet?base=NOB>), utan å finne noko meir. Opplysningane om forma *hovve* i Troms og på Andøya og i Borge har eg supplert med å spørja målkunnige folk eg kjenner derifrå. For å finne ut kor langt sør og nord det nordlege *hovve*-området når, har eg våren og hausten 2001 ringt og spurt mange i utkantane av det området dei skrivne kjeldene har *hovve* ifrå. Eg har prøvd å finne fram til gamle folk frå avsides stader, og det er særleg der eg har "fått napp". Berre dei som har hatt opplysningar om *hovve*, er oppførte i tabellen nedanfor. I Kvænangen og Vest-Finnmark har eg ringt 10 personar, i Ofoten fem, i Vest-Lofoten 12, i Aust-Lofoten (Lødingen og Vågan) 29, og i Hamarøy 19. Dei fleste informantane har eg spurt meg fram til ut frå telefonkatalogen på internett, som gjev høve til å søke grendevis. Nokre heimelsfolk har eg hatt frå arbeidet som sekretær i Statens namnekonsulentar, og i Lofoten og Hamarøy har eg fått fleire frå Finn Myrvang. Så godt som alle opplysningar om *hovve* som eg har fått gjennom telefonintervju, er berre *tradisjon* om *hovve*. På Helgeland har eg ringt tre personar for å få opplysningar om forma *hau*, som ut frå målføresamlingane er den avvikande forma der. Resultatet av det er ikkje ført opp i tabellen, men kjem fram i drøftinga (s. 14). Fordi det er eldre mål eg drøftar, kan nok presensbruken verke pussig nokre gonger, men det er det vanskeleg å unngå. – På grunnlag av dei oppreknna kjeldene, kan eg stille opp dette oversynet:

Teikntyding: s = oppl. frå synopsen, c = oppl. frå H. Chr.-samlinga, a = anna, forklart til høgre

kommune:	Form (samleform):			Merknad:
	/hø:v]	/høa/	/²hovø/	
Bindal		s		
Sømna			c	
Brønnøy	s	sca	sca	/ho:vi/ (Sør-Helgeland har ikkje tonelagsmotsetnad)
Vega		s	c	Olssen 1958:40, 44, 50 /ho:vi/. H. Chr.-saml. /hovø/. Synopsen Brønnøysund òg /hov/ H. Chr.-samlinga /ho:v/, /ho:vø/
Vevelstad		s		
Alstahaug	sc	s		
Herøy		s		
Grane	s			
Hattfjelldal	s			Dessutan innflyttarformer (synopsen)
Vefsn	sc			Synopsen, H. Chr.-samlinga i Drevja også /ho:v/.
Leirfjord	sc			
Hemnes	ca		s	Mary Boldermo, Hemnes. Gjeld synopsopplysninga ein brei ø-lyd?
Rana	sc			
Dønna	s			Dønnes /²hovø/, /²hø:vø/
Nesna	s	c		Synopsen /²hø:vø/, /²hovø/
Lurøy	sc			Synopsen /²hovø/, /²høvø/. H. Chr.-samlinga /hø:v/, /hov/
Træna	cs			H. Chr.-samlinga /hø:v/, men /¹hovø/ i bunden form. Synopsen /²hovø/
Rødøy	s c	s		Synopsen /²hovø/, /²høvø/
Meløy	c	s		
Gildeskål	sc			Synopsen /hov/. H. Chr.-samlinga /hø:v/, men /¹hovø/ i bunden form
Beiarn	sc			Synopsen /hov/. H. Chr.-samlinga /hø:v/, men /¹hovø/ i bunden form
Skjerstad	s c			Synopsen /hov/
Saltdal	sc	s		Synopsen /hov/
Fauske	scaa	s		/hov/ synopsen, Øines 1993:71, Brekke 2000:68
Bodø	s	s		Synopsen Bodin /hov/
Sørfold	sa			Synopsen /hov/, /hø:v/. Per K. Bjørklund, Sagfjorden, Hamarøy /hovv/
Steigen	s	s		/hov/ synopsen
Hamarøy		sca		20 personar, jf. s. 10
Tysfjord		s		
Ballangen		sa	a	Edvor F. Mentzen, Kjeldebotn
Narvik		s	s	/hov/ Skjomen, under "Formlæra", § 38
Evenes				
Tjeldsund		s		
Lødingen		saa	aa	Jørgen Hesten og Guri Hesten, Hesten
Vågan		saa	aa	Gjertrud Hansen, Storfjell; Idar Krane, Laupstad
Flakstad		sa	a	Hermod Olsen, Krystad
Moskenes		scaa	aa	Johan Ernstsen, Kjerkfjorden; Ågot Tennes, Engelsnes
Værøy		s		
Røst		s		
Vestvågøy		sca	sca	Elstad 1982 a, 2:35, Ester Johansen, Kvalnes (oppl. av André Johansen). Alle Borge
Hadsel		s	s	Hovve i Eidsfjorden
Bø		sca	sca	Martinussen 1907:29. H. Chr.-samlinga berre tradisjon om <i>hovve</i>
Sortland		s	s	
Øksnes		s		
Andøy		scaa	scaa	H. Chr.-samlinga Bleik; der også /²hovø/. Elles Inga Berg Olsen, Andenes; Astrid Myrvang, Andbø (oppl. av Finn Myrvang)
Kvæfjord		c	sc	
Harstad		saaa	aaa	Leidulf Olsrud, Ola Heide, Peder Vaskinn, alle Inner-Gryta
Bjarkøy				
Skånland		a	a	Grovfjorden. Sjøvoll og Sjøvoll 1990:13-14. <i>Hovve</i> i ordet <i>hovvørsla</i> , <i>hau</i> i <i>haustumpande</i>
Gratangen		a	a	Terje Mikkelsen. <i>Hovve</i> i ordet <i>hovvelausing</i> (oppl. av Eva Forsaa Mikkelsen)
Lavangen		a	a	Ellingsen 1993. <i>Hovve</i> i ordet <i>hovvørsla</i>
Salangen		s	s	
Ibestad		sa	sca	Bente Martinussen, Andørja. H. Chr.-samlinga berre Andørja
Dyrøy		sa	a	Helge Stangnes, Stonglandet i Tranøy
Sørreisa		s		
Tranøy		saa	aa	Iversen 1913:76, Helge Stangnes, Stonglandet i Tranøy
Torsken		saa	saa	Iversen 1913:76, Helge Stangnes, Stonglandet i Tranøy
Berg		saa	saa	Iversen 1913:76, Helge Stangnes, Stonglandet i Tranøy
Lenvik		s		
Tromsø		saa	scaa	Aud-Kirsti og Ruth Pedersen, Rekvika på Kvaløya. Synopsen Hillesøy, Tromsøysund og Sørfjorden. H. Chr.-samlinga Hillesøy
Balsfjord		sa	a	Arne Aspenes, Aspenes
Karlsøy		sa	sa	Helge Karlsen, Karlsøya
Skjervøy		s	s	
Lyngen, Storfjord, Kåfjord, Nordr.: Oppl. vantar				
Kvænangen		s		
Loppa		s		
Hasvik		sa	a	Hilmar Olsen, Hasvåg på Sørøya
Finmark vidare etter synopsen: <i>Hau</i> med <i>hode</i> -innslag tom. Gamvik, så <i>hode</i> , men Kirkenes <i>hau</i> .				

Lista går frå sør til nord. Målet med tabellen er å gje oversyn. Av praktiske grunnar brukar eg ofte *hovve* (/ʰhovə/) som representant for /ʰhovə/, /ʰho:və/, /ʰho:vi/ og /hov/, sidan *hovve* er mykje meir utbreidd enn dei andre formene. På same vis og av same grunn brukar eg *høv* (/hø:v/) som representant for både /hø:v/ og /høv/. Nærare uttaleopplysningar står i merknadskolonnen i tabellen. Kommunane Målselv og Bardu er utelatne fordi dei har innflyttarmål. Eg ser i heile drøftinga bort frå den nye låneforma *hode*, som ein kan støyte på mange stader.

Det tabellen viser, kan oppsummerast slik: På Sør-Helgeland er det eit område der det heiter både *hau* (/høʷ/) og *hovi* (/ho:vi/, Sør-Helgeland har ikkje tonelagsmotsetnad). I nord er det eit område der det kan heite både *hau* og *hovve*, frå og med Lofoten og Ofoten til og med Skjervøy i Nord-Troms, med ein "avleggar" i Hasvik på Sørøya i Vest-Finnmark. Ein kan altså snakke om eit sørleg *hovve*-område på Sør-Helgeland og eit nordleg *hovve*-område frå Lofoten og Ofoten til Nord-Troms - Vest-Finnmark. Mellom dei to *hovve*-områda er det eit område med *høv* på Helgeland opp til og med Sør-Salten, og eit område med berre *hau* i Tysfjord og Hamarøy og på Værøy og Røst. Berre *hau* er òg notert frå mesteparten av Finnmark. Der *høv*-området grensar mot *hau/hovve*-området i sør og det reine *hau*-området i nord, finst både *hau* og *høv*; dei to formene finst også i eit kystområde på Nord-Helgeland. *Høv* blir uttala med lang vokal (/hø:v/) frå sør til og med Rana og Dønna, så kjem eit område der det kan vera både lang og kort vokal; kort vokal helst i bunden form, og så eit område med berre kort vokal nord for det (/høv/). Likevel er både kort og lang vokal notert så langt nord som i Sørfold. Uttalen /ʰhovə/ har Hallfrid Christiansen frå Bleik på Andøya, notert på to kort. På det eine står: "hovud, n, æ har ont' i håv \ve, håv \vue; gml. folk på Bleik [...]". På det andre står: "hovud, n, (<høfuð) – gamle folk på Bleik: han har ont' i håv \ve; i håv \vue; (har jeg hørt feil?) [...]". På det siste kortet står årstalet 1932.

2. Føreslåtte forklaringar av dei ulike formene

Før eg tek til å drøfte korleis *høv*, *hau* og *hovve* kan forklarast, går eg gjennom korleis andre har forklart desse formene:

Høv ser ut til å vera rekna som uproblematisk. Skånlund (1933:59) stiller det berre opp slik: "*hövv* n. < *høfuð*", Riksheim (1921:36) slik: "*hæv* (gno. *høfuð*)".

Hau. Utan å knyte ordforma til Nord-Noreg forklarar Aasen *hau* slik, under oppslagsordet *hovud* i *Norsk ordbok*: "Førmerne med "au" kunde synes at forudsætte et gammelt "Hauvud" (ligt Gth. *haubiþ*, Ght. *haubit*); men de kunde også forklares som en Sammendragning af Hovud (Ho'ud) og saaledes indskydes under det gamle *höfud* (oprindelig *hafud*, ligt Lat. *caput*)" (Aasen:1983). *Hau* i Trøndelag fører Marius Hægstad attende til "*hafuð*", utan markert *u*-omlyd (altså lesi /ʰhavuð/). Det gjer han når han i ei stutt utgreiing om *u* etter gammal stuttstaving i Stod-målet seier at "*hafuð* hev vorte *hæu*" (Hægstad 1908:140). I den nye etymologiske ordboka nemner ikkje Bjorvand og Lindemann (2000:389) forma *hau*, men dei nemner den nærståande sunnmørsforma *haud*. Dei meiner at gammalnorsk "kan tenkes" å ha hatt ei sideform **hauð*, og at dagens form *haud* "kan [...] være en refleks av en slik gammel ukjent diftongisk form". Om *hau* i nordnorsk har Ragnvald Iversen skrivi mest inngåande. I *Senjen-maalet* frå 1913 kombinerer han Aasen sine to forklaringar. For *hau* føreset han ei opphavsform **haufuð*. Den har han berre som rekonstruert form ("stjerneform"), men han stør ho på at "de andre germanske sprog har jo i dette ord **au** eller en diftong, som svarer dertil" (Iversen 1913:76). I forma **haufuð* fall /v/-en så bort, meiner Iversen (han drøftar *hau*-etymologien i eit avsnitt om *v*-bortfall). At *v*-en skulle falle akkurat i

dette ordet, enda *v* normalt står intervokalisk, forklarer han som ein parallell til at *v* er fallen i *stua* og i sisteleddet i *kongero*, av *kongurváfa* ("káŋ`ŋerō, f. < *káŋŋorōa, cas. obl.

***kongoróu < *kongorúþu < kongorváfa** [ibid]). I oblike kasus vart /v/-en utsett med di han stod mellom to *u*-ar (*stufu*), derfor gjekk han over til "halvvokalisk *u*" (ibid), slik at han gjekk opp i dei to *u*-ane. Same situasjonen ville /v/-en hatt i **haufuð*, seier Iversen. At *v*-en er fallen i *stua*, enda han "regelmæssig" står i *huva* (< *húfa*), *tuva* (< *þúfa*), osb., forklarer Iversen med *stua* sin "overordentlig hyppige bruk, eller også den omstændighed at dette ord har kort **u** foran **f** (*v*), medens de andre har langt" (ibid:77). Overgangsforma i utviklinga **haufuð* > *hau* kan vera representert av "formen **hauuð** i et nordlandsk diplom (D. N. IV, 217) fra 1335", meiner Iversen (1913:77). At den fyrste *u*-en der kan "være en skrivemåte for **f**", avviser han med at ein da skulle ha "ventet at denne form **hafuð** hadde git en nuværende form **hav*'(*v*)e, da **u**-omlyd ved bevaret **u** i dialekten ellers kun finnes ved **v** i fremlyd og ved dækket nasal" (ibid). – I *Gimsøy-målet* sluttar Hallfrid Christiansen (1933:171) seg til dette resonnementet, og seier at *hau* "efter den almindelige mening [går] tilbake på gno. **haufōð*". Ho argumenterer ikkje for det der, men viser til litteratur om den fellesgermanske diftongforma (ibid).

Hovve. Denne forma i Sør-Troms reknar Christiansen (1913:77) som lydrett utvikling av *hōfuð*, går det fram av eit kartotek kort for *hovud* under *Kvæfjord* i målføresamlinga hennar (nærare om det i neste punkt). Iversen (1913:77) føreslår at *hovve* på Senja er lånt "fra vestlandske dialekter".

Sameksisterande former. Så vidt eg veit, har ingen problematisert at ein i visse område kan høyre både *høv* og *hau*. Men at *hovve* og *hau* finst side om side i Troms, ser det ut til at både Iversen og Christiansen har stussa over. På eit kartotek kort med både *hau* og *hovve* frå Kvæfjorden i Sør-Troms har Christiansen føydd til denne merknaden: "Her må vi regne med to grunnformer: 1) *haufuð*, 2) *hōfuð*." (H. Chr.-samlinga, Kvæfjorden). Som vi har sett, føreset også Iversen **haufuð* som opphav til *hau* på Senja, men *hovve* vil han ikkje forklare med heimleg vokster, som vi òg har sett. Han uttrykker seg litt uklårt der han skriv om dette, men grunnen til at han meiner *hovve* ikkje er lydrett, ser ut til å vera anten: I. Han meiner omlydsvokal frå *u*-omlyd føre ståande *u* ikkje finst i senjaværing anna enn "ved **v** i fremlyd og ved dækket nasal" (Iversen 1913:77), eller II. Forklaringa av *v*-bortfallet i *hau* får problem når *v* ikkje er fallen i *hovve* (Dette siste er ei tolking av Iversen, ibid). Eg kjenner ikkje til at nokon har prøvd å forklare sameksistensen *haulhovve* på Sør-Helgeland.

3. Drøfting av dei føreslåtte forklaringane

Heller ikkje eg ser grunn til å problematisere forma *høv*. Det er halvhoggingsmål som har ho, så det er som det skal at endevokalen vantar, og *ø* går regelmessig > *ø* i mange nordlandsmål. Både Skånland (1933:59) og Riksheim (1921:36) har *hōfuð* > *høv* med i lista over overgang *ø* > *ø* i saltværing og vefsning (meir om dette på s. 8). Eg ser heller ikkje grunn til å problematisere at *høv* og *hau* kan høyrast om einannan i visse område. Den blandinga kan uproblematisk forklarast som ei grenseovring. Det er i ytterkantane av *høv*-området ho finst, der *høv* møter *hau* og *haulhovve*. Blandinga i Rødøy og Meløy kan kanskje forklarast på same måten, for det distriktet høyrer språkleg nærast i hop med Vest-Lofoten (jf. Elstad 1982b:44, 47, 51, 53 [om former som *auso*, bundi fem. sg.] og 55), der *hau* har dominert lenge. (Av dei eg har prata med i Vest-Lofoten, er det berre tre personar i 75- til 90-årsalderen, frå avsides bygder i fjordane på Moskenesøya, som hugsar *hovve*. Elles ser det ut til å vera ukjent.) At *hovve* og *hau* finst side om side, kan ikkje forklarast på denne måten, for den blandinga finst ikkje i ei randsone rundt reine *hovve*-område. Det finst ikkje reine *hovve*-område. Som Iversen og Christiansen ser eg derfor behov for ei særskild forklaring av sameksistensen mellom

hovve og *hau*. Spørsmålet kan kallast parallellformproblemet: Korleis kan ein forklare at *hau* og *hovve* finst side om side i visse område? Desse løysingane har vorti føreslåtte:

i. *Hau* kjem ikkje av *høfuð*, men av ei anna form.

ii. *Hovve* er lånt frå Vestlandet

Eg drøftar forslaga:

3. 1. *Hau* av ei anna form enn *høfuð*?

Bjorvand og Lindemann (2000:389, s. 4 her) føreslår at sunnmørsforma *haud* – og dermed òg *hau*, skulle ein tru – kjem av ei gammalnorsk sideform **hauð*. Til det vil eg innvende at noka slik form ikkje er kjend, enda ordet *høfuð* sikkert finst fleire tusen gonger i dei norrøne kjeldene. Da er det problematisk å føresetta ei slik form.

Hallfrid Christiansen sitt forslag var at *hovve* kjem av *høfuð*, og *hau* av **haufuð*. Opphavsforma *høfuð* kan ikkje dragast i tvil, spørsmålet er om ein kan føresetta ei sideform **haufuð* i tillegg til ho. Til stønad for det, kan nemnast at forma *haufuð* truleg er belagd. I *Ragnarsdrápa* 13 má ein lesa diftong *haufuð* (skrivu *hafuð*, Finnur Jónsson 1967:3) om det skal innrime på *vallrauf* (ibid, jf. Finnur Jónsson 1913-1916 under *høfuð*). På hi sida er det problematisk å forklare utviklinga i mellomnorsk tid ut frå ei form som berre er belagd på 800-talet, 500-700 år før. Det er jo den/dei næraste forløparane for dagens målføreformer som er interessante for dette spørsmålet. Kva dei i sin tur kom av, har mindre interesse. Teoretisk er det mogeleg at *høfuð* og *haufuð* har levd side om side frå eldste norrøne tid til mellomnorsk og så vidare side om side som *hovve* og *hau* fram til i dag. Men det er ikkje rimeleg å føresetta at målet stabilt skal ha hatt dobbelformer med nøyaktig same tydinga i meir enn 1000 år. Jamfør utviklinga i dag, som er at *hovve* blir eller alt er vorti trengt unna av *hau* der det har funnist, og at *hau* i sin tur blir trengt unna av *hode* mange stader. Men no bygger heller ikkje hypotesen om ei nordnorsk form **haufuð* i sein norrøn eller mellomnorsk tid på eldre kjelder. Grunnlaget for hypotesen er dagens målføreform *hau* (Aasen og Iversen) og det at *hau* finst side om side med *hovve* over store område (Christiansen). Etter mitt syn er det det siste som er viktig, for problemet er ikkje å forklare *hau*, men at *hau* og *hovve* finst side om side. Det er for å forklare det Christiansen grip til forma **haufuð*. Men eg veit ikkje om ho løyser problemet med det. For da har ho framleis att å forklare kvifor /v/-en og endevokalen skulle ha falli i **haufuð* > *hau*, men ikkje i *høfuð* > *hovve* – i same målføret. I begge formene ville det ha vori runda vokal både før og etter /v/-en (-/uvu/- i *haufuð* og -/ɔvu/- *høfuð*). Og parallellformproblemet blir ikkje løyst for det om ein flytter det nokre hundre år attover i tida.

Hægstad (1908:140, sjå ovanfor s. 4) føreslår *hafuð* – altså ei form utan *u*-omlyd føre ståande *u* – som opphavsform til *hau*. Forslaget gjeld rett nok berre trøndsk, men det skulle også kunne gjelde nordnorsk. For vurderinga av dette spørsmålet er det eit problem at vi har få skriftlege kjelder med gammal nordnorsk. Men når det gjeld gammal trøndsk, meiner dei fleste granskarane i dag at det berre er på papiret *u*-omlyd føre ståande *u* vantar; mykje talar for at talemålet hadde omlyden (jf. t.d. Hreinn Benediktsson 1963). At han ikkje er markert i skrift, kjem truleg av at det ikkje var nødvendig når *u*-en stod. Det er all grunn til å tru at det var likeins i gammal nordnorsk, jf. moderne målføreformer med rotvokal frå gammal omlydsvokal: "*skåk`kel*, m.; *skålma*, m. & f.; *blåk`kebær*, n." (Senja, Iversen 1913:50, fleire døme nedanfor, s. 8). Ei opphavsform **²havuð*/ hadde heller ikkje løyst parallellformproblemet. Heller ikkje ut frå den forma blir det rimeleg at /v/ med indre vokster i eitt og same målføret skulle ha falli i *hau*, men ikkje i *hovve*.

På bakgrunn av dette, at det er spinkelt grunnlag for *haufuð* og */²havuð/, og at desse formene heller ikkje løyser problemet, meiner eg det er rådelegast å føresetta *hqfuð* som opphav til både *hau*, *hovve* og dei andre moderne nordnorske formene.

3. 2. *Hovve* lånt frå Vestlandet?

Iversen (1913:77) omgår parallellformproblemet med å føreslå at *hovve* er lånt "fra vestlandske dialekter". Det høver ikkje så bra. Iversen nemner ikkje kva vestlandsmål han tenkjer på, men fleirtalsforma tyder på at han tenkjer på vestlandsdialektar generelt. Men påverknad frå bygdedialektane på Vestlandet kan knapt ha gjevi forma *hovve*. Om vi ser bort frå dølemålet i Indre Troms og Tverrelvdalen i Alta, skal nordvestlandsk vera den dialekten som har sett sterkast preg på nordnorsk gjennom innvandring (jf. s. 13 her og Elstad 1982b:67, 70-72). Men på Nord-Vestlandet heiter det *hau(d)* og *haue* (synopsen). Lenger sør heiter det /²ho:vø/, med lang vokal og kort konsonant. Men slik er det mesta berre Sør-Helgelands-forma *hovi* som er (jf. tabellen på s. 3). Derimot har *Bergen* forma *hovve*, og fordi Nord-Noreg opp gjennom hundreåra har hatt stor kontakt med Bergen, kunne det høve at ei slik form kom derifrå. Men dersom Bergens-påverknad var forklaringa på forma *hovve*, så burde ho ha haldi seg i Nord-Noreg, og trengt *hau* unna. Det er det motsette som skjer. Den fyrste opplysninga vi har frå moderne tid, er frå Bø i Vesterålen i 1907 (Martinussen 1907:29). Da var *hovve* lågstatusform der (jf. nedanfor) og sterkt pressa. Den utviklinga har haldi fram til i dag (meir om det nedanfor, s. 8). Dessutan: Dersom *hovve* kom frå Bergen, burde den forma fyrst ha fått fotfeste i Lofoten, som gjennom tørrfiskhandelen hadde størst kontakt med Bergen, og så ha spreidd seg derifrå. Men det er det motsette biletet vi ser. I synopsen og Hallfrid Christiansen-samlinga er Borge einaste staden *hovve* er notert frå i Lofoten. Ikkje eingong frå Gimsøya, heimbygda si, har Hallfrid Christiansen notert *hovve*, enda ho var fødd så tidleg som i 1886, og Gimsøya utgjer ein omfangsrik del av målføresamlinga hennar. Både i synopsen og Hallfrid Christiansen-samlinga er *hau* notert som eineform både på innersida av Lofoten og i ytre Ofoten. Det kan tyde på at *hau* fyrst fekk overtaket i den delen av det nordlege *hovve*-området. For lenger nord, i Vesterålen og Troms, er *hovve* notert mange stader, enda opplysningane til målføresamlingane ikkje vart samla tidlegare inn der, og synopsisinformantane frå Lofoten er klårt eldre (fødde tidlegare) enn dei frå Vesterålen (for andre distrikt og hos Hallfrid Christiansen vantar opplysningar om dette). Dette resonnementet skulle vera gyldig jamvel om det enno i dag kan finnast tradisjon om *hovve* mange stader i Lofoten og Ofoten der målføresamlingane ikkje har fanga opp den forma. For målføresamlingane fortel helst kva som var normalforma, ikkje om ein og annan sporadisk sa noko anna.

Ein annan ting som ikkje høver med at *hovve* skulle ha kommi frå Bergen, er at både *hovve* og *høv* finst i akkurat dei delane av Nord-Noreg der ein ut frå målførevoksteren kunne vente dei formene, og berre der. Kvantiteten i rotstavinga i dei to formene vekslar ein del geografisk. Men tendensen er at vokalen er lang og *v*-en kort på Helgeland, og vokalen kort og *v*-en lang frå Salten og nordover, og at det er eit overgangsområde i Sør-Salten. Dette stemmer med at lenging av *vokalen* i gammal stuttstaving i Nord-Noreg er eit sørleg drag, og lenging av *konsonanten* eit nordleg drag. Rett nok går grensa i dei fleste ord lenger nord, mellom Steigen og Hamarøya (jf. synopsen). Men i ord med rotutlyd på /v/ (som *leva*, *v.*, og *neve*, *m.*), slik *høv* har, fordeler formene med lang vokal og lang konsonant seg stort sett slik som dei tilsvarande formene av *høv* (opplysningar frå synopsen). Det som klårast skil typeformene

hovve og *høv*, er kvaliteten på rotvokalen, for begge formene finst både fulle og avhogne², og med lang vokal og lang konsonant, som vi har sett. I *høv*-området får gjerne gammalnorsk *o* (/ɔ/) og *o* (/o/) lik vokster, og blir *ø* (/ø:)/. Tendensen er sterkast på Helgeland (unnateki Sør-Helgeland), og veiknar nordetter (synopsen). Men så langt nord som i Steigen heiter det /døgg/ (< *dōgg*, f.)³ og /drø:p/ (< *dropi*, m.), og så langt nord er det *høv* er notert. I Hamarøy, Tysfjord og Lofoten heiter det derimot /dog/ og /²dropə/ (apokopert i Midt-Lofoten, opplysningar frå synopsen). Frå Hamarøy og Tysfjord har eg ikkje opplysning om *hovve*, men det har eg frå nabokommunen på nordsida, Ballangen (Kjeldebotn), og frå Lofoten og nordetter. I det området er *o* > /o(:)/, normal vokster. Rett nok meiner Iversen (1913:77) at omlydsvokal (*o*) som skriv seg frå *u*-omlyd føre ståande *u* - slik det er i *høfuð* - ikkje finst på Senja anna enn "ved **v** i fremlyd og ved dækket nasal". Men ein annan stad i utgreiinga nemner han tre typisk heimlege ord som har slik omlydsvokal, og som ikkje høyrer til dei to kategoriane: "*skåk`kel*, m.; *skålma*, m. & f.; *blåk`kebær*, n." (ibid:50). Eg kan leggja til *nokken*, pron. 'nokon', *hovold*, f., 'renningsløftar i vev', *skodda*, f, og *koppmol* (/²kopmol/), f., 'rund småstein i fjæra' (jf. gammalnorsk *koppusteinn*, 'kampestein, rundvoren stein' og *mol*, 'mol, banke av småstein'.)⁴ Høgst sannsynleg finn ein fleire døme om ein går systematisk til verks. Ei utvikling *høfuð* > *hovv(e)* skulle derfor vera lydrett nord for Steigen (Slik ser det faktisk ut som Iversen òg oppfattar det, noko inkonsekvent, når han nemner *hovve* i drøftinga av "Vokalerne i trykksvak stavelse": "Svækkelse av **u** til *e* er der også i substantivet *håv(v)e*, n. < **høfuð**" [Iversen 1913: 52 og 53]). På Sør-Helgeland har gammalnorsk *o* og *o* i trykksterk staving i hovudsak fått same voksteren som nord for Steigen, og vorti /o(:)/ (Olssen 1958:40). At det heiter *hov-* nord for Steigen, og *høv(-)* frå og med Steigen og søretter, og så atter *hov-* på Sør-Helgeland, er derfor slik ein skulle vente. (Det ein ikkje skulle vente, er å finne ei heilt anna form: *hau* på grensa mellom *høv-* og *hov-* i nord – på Værøya og Røst og i Hamarøy og Tysfjord.)

4. *Hau* lånt?

Hau og *hovve* kan vanskeleg vera utvikla parallelt i eitt og same målføret. Kan ikkje *hovve* vera lånt, så er det éi løysing att: *Hau* er lånt. Det er fleire ting som stemmer med den forklaringa. For det fyrste ser det ut til at *hau* i det aktuelle området er ei yngre form enn *hovve*, for *hau* har trengt *hovve* meir og meir ut. I Bø i Vesterålen hadde *hau* overtaket alt i 1907 (Martinussen 1907:29). I Lofoten seier dei som minnest *hovve* at det var folk fødde eit godt stykke ned på 1800-talet som sa det. *Hovve*-opplysningane eg har frå Vågan gjeld to som var fødde på 1840-50-talet, og som var frå avsides fjordbygder (jf. s. 5). Jamvel blant 80-90-åringane i Lofoten i dag ser det ut til å vera langt mellom dei som har høyrte *hovve*, truleg bortsett frå i Borge. Også lenger nord i det nordlege *hovve*-området ser *hovve* no ut til å vera ukjent blant folk flest (Vesterålen, Kvæfjorden; oppl. frå Finn Myrvang, Andbø; og Nils

² *Hovv* i Borge. Avhoggen form i Skjomen (Narvik), slik synopsen opplyser, er overraskande. Det kan vera ei kryssingsform, slik *tullhovv* i Malangen truleg er. Sjå s. 9.

³ I Vesterålen og Troms har den tradisjonelle uttalen diftongering av vokalen i gammalnorsk *ōgg*: /dø^ug/, /vø^uga/.

⁴ Her kan kanskje òg nemnaste *durmål*, der *dur-* kjem av *dugur(d)* < *dōgurð-*, og som finst i tallause stadnamn i Nord-Noreg. Vokal som skriv seg frå *u*-omlyd føre ståande *u* er det òg føre utlydande gammalnorsk *-ða*, men da som *ø* i Troms i dag: *løa* f., *spøa* f. 'trespile til å snu brødleivar med under steiking', kan hende òg *kjøa* f. 'bekkeare' (jf. Torp 1992, under *kjøda*).

Magne Knudsen, Kvæfjorden). Kanskje er det berre på Senja og i det gamle Hillesøy herad på Kvaløya at forma *hovve* er godt kjend enno (jf. oppl. frå Aud-Kirsti Pedersen, Kvaløya, og Helge Stangnes, Tranøy). Men også der er *hovve* sjeldhøyrte og læt gammaldags i høve til *hau*, seier (Aud-Kirsti Pedersen). Det kan sjå ut til at *hau* er ei yngre form enn *hovve* også ytst i Lofoten, der eg ikkje har opplysning om anna enn *hau*. På Røst er det nemleg eit stadnamn *Hovvtennholmen*, som truleg kjem av (normalisert) *hovudtenne*, f. 'skinnnet på ein hovudskalle' (Myrvang 1994:127⁵). Namnet tyder på at det tidlegare heitte *hovve* der òg.

At *hovve* lever lengst i vanvørdsleg meining og i heimlege, samansette ord og i stadnamn tyder også på at *hovve* er den mest opphavlege forma. Martinussen (1907:29) skriv om Bø i Vesterålen i 1907 at *hovve* vart noko brukt jamsides *hau*, men "helst i svivyrdsleg tyding". Aud-Kirsti Pedersen fortel at det er likeins på yttersida av Kvaløya i dag. *Hovve* blir helst brukt om dyr og i uttrykk som *toskhovve*, *fjotthovve* og *Få no inn i hovve' at [...]*! Ein informant frå Andenes tykkjer *sauhovve* fell lettast på tunga når ho tenkjer etter om *hovve* vart brukt tidlegare (oppl. frå Finn Myrvang). Om samhovvet mellom *hovv* og *hau* i Borge noterer Hallfrid Christiansen dette: "ont i håv've; "finere": høu'e" (H. Chr.-samlinga). I det gamle heradet Malangen er *hau* notert som eineform i synopsen, men *tullhovv* og *fjotthovve*, som er føydde til i ein note, vitnar om at *hovve* levde i slike samansettingar da opplysningane vart samla. (Når endevokalen i *tullhovv* manglar, kan det vera eit slag kompromissform i høve til den vanlegaste forma, *hau*, som har ei staving mindre, jf. note 2.) Slik bruk av opphavlege ordformer er velkjend. Jamfør t.d. dagens Oslo-mål, der mange vil bruke forma *hull* i nøytral tyding, men likevel seia: *Detta stedet er et hø!* når dei skal snakke stygt om ein stad. At *hovve* dessutan held seg lenge i faste uttrykk og samansette, heimlege ord, også om dei ikkje er skjellsord, stemmer òg med at *hovve* er den mest opphavlege forma (jf. Bakken 2000:12). Eg kjenner desse døma:

- *Å dette på hovva* (Aud-Kirsti Pedersen, Kvaløya).
- *hovvørsla*, f. 'tankeløyse' (< **hofuðørsla*, belagt gno. fleirtal *hofuðørslur*. Senja, Stangnes 2000:41; Skånland, Sjøvoll og Sjøvoll 1990:14; Lavangen, Ellingsen 1993 utan sidetal).
- *hovvesmått*, f. 'halsopning i klesplagg' (< *hofuðsmátt*. Senja, Vesterålen; Ross 1895, under *Hovudsmotta*).
- *hovvtenna*, f. (< **hofuðherna*. Senja, Stangnes 2000:41; Vesterålen, personleg opplysning frå Finn Myrvang, Andbø).
- *hovvekolla*, f. (truleg:) 'det feite nakkepartiet på laksen' (Andøya, i *Andøy-regla*, Myrvang 1964:106)
- *hovvelausing*, m. 'menneske (lik) utan hovud' (Terje Mikkelsen, Gratangen [oppløyst av Eva Forsaa Mikkelsen, Rolla])
- *leverhovve*, n., 'fremste delen av levra, der ho er festa; bringa på fisken' (Ola Heide, Inner-Gryta).⁶

At *hovve* lever som relik i samansetting, kort eller lang tid etter at det er gått or bruk i sjølvstendig stilling, ser vi også i stadnamn. *Hovvtennholmen* på Røst er nemnd, eit anna

⁵ Myrvang normerer namnet *Hovvtennholmen* ut frå at han skriv ordet *hovudtenne hovvtenna*. Uttalen skal vera /^hoftip/- (Myrvang 1994:144). Ordet kjem av **hofuðherna* (Torp 1992, under *hovvtenna*).

⁶ Dessutan har Erik Gerhard Schytte notert eit ord *hovvekop*, n. "svindel" (dvs. 'svimmelheit') i ei Lofot-ordsamling frå 1807, truleg særleg frå Buksnes, der han var sokneprest (Frette 1944: 496, 501). Det kan ikkje brukast her, for vi veit ikkje om *hau* eller *hovv(e)* var normalforma i Buksnes den gongen. Hallfrid Chrstiansen har notert ordet i Lurøy ["*höv'ko-p*"], i tydinga 'migrene' (H. Chr.-samlinga).

døme er *Hovvegalmyra* på Sør-Senja (oppl. Helge Stangnes, Tranøy). Eg kjenner likevel ikkje så mange døme på dette, og i gardsnamnet *Vasshovvet* i Salangen har *hovve* følgt målføre-utviklinga. Rygh og Rygh (1911:54) har notert uttalen "*va'sshåve*", men så tidleg som på 1960-talet var uttalen */ʰvashøʷ/* (opplysning frå Finn Myrvang), og no er namnet mistolka som <Vasshaug> (Telefonkatalogen på internett: <http://180.uninett.no/servlet/online.Privat>).

Alt dette tyder på at *hovve* er ei meir opphavleg form enn *hau*, og dermed på at *hau* er ei form som er lånt inn. Eg går ut frå at *hau* òg er lånt inn i det sørlege *hovve*-området, sidan to former heller ikkje der kan vera utvikla parallelt frå *høfuð*, i eitt og same målføret.

5. Kor kjem *hau* frå?

Da blir spørsmålet: Kor kan *hau* vera lånt frå? I det sørlege *hovve*-området er *hau* enklast lånt frå det tilgrensande Trøndelag, der det heiter *hau* på heile kysten. Målførereformene nørdest i Trøndelag høver med at *hau* har spreidd seg nordover kysten. Etter synopsen heiter det *hu* (<*huggu*) inne i Namdalen og ut til dei inste sjøbygdene. Det er derfor grunn til å tru at *hu* er den opphavlege forma også lenger ute på kysten der, og at *hau* har kommi inn seinare⁷ (slik det ser ut på Sør-Helgeland), og da frå sjøbygdene lenger sør.

I det nordlege *hovve*-området kan *hau* i prinsippet ha kommi frå nord, om vi bygger på utbreiingstabellen på side to. Men det spørst om ikkje *hovve* er den gamle forma også i Vest-Finnmark. Eg har fått tak i tradisjon om *hovve* på Sørøya, og kysten av Vest-Finnmark frå Hasvik og nordover er språkleg nokså einsarta (når ein ser bort frå at bokmålsinnsлага gradvis blir fleire dess lenger nordover og innover i landet ein kjem). Ein skulle derfor ikkje vente særutvikling i eit ord som *høfuð* i visse delar av dette området. At ei form som *hovve* er kjent frå færre stader i Finnmark enn i Nordland og Troms, er elles akkurat slik ein skulle vente, når det er ei målføreform som gjekk ut or bruk for fleire generasjonar sidan. For Finnmarks-målet vart seint utforska (jf. m.a. innsamlinga til synopsen, s. 2), og er enno lite utforska.

Opplysninga om *hovve* i Hasvik kan derfor sjåast som vitnemål om at den forma var utbreidd også i Vest-Finnmark, snarare enn som vitnemål om at det berre var i Hasvik forma fanst. At eit fattig og grisgrendt område som Vest-Finnmark skulle ha gjennomslagskraft til å "eksportere" dialekt ville vel vori overraskande uansett. På bakgrunn av dette ser eg det ikkje som rimeleg at *hau* i Troms, Vesterålen og Lofoten er kommi frå Vest-Finnmark. (Eg går litt nærare inn på Finnmark nedanfor, s. 13.) – Som vi har sett (s. 9), heitte det venteleg *hovve* i heile Lofoten tidlegare. Det einaste området i Troms og Nordland som står att med berre *hau*, er da Hamarøy og Tysfjord (jf. tabellen på s. 3). Ein kunne tenkt seg at *hau* var ein innovasjon oppstått der. Lydleg sett ville det ikkje vera så urimeleg. Det er mogeleg at det tidlegare heitte *høvv* i Hamarøy. Hamarøy-dialekten har nemleg *ø* i ord som *løgg* < *lōgg*, f., 'logg: fals på eit trekar til feste for botnen'; og *sømne* < *sofna*, v. (Bjørklund 1984:465), jamfør drøftinga på s. 8. Og overgangen */høv/* > */høʷ/* er lydleg rimeleg, for det steget er stutt. At eg ikkje har klart å finne tradisjon om anna enn *hau* i Hamarøy i dag (etter å ha snakka med 20 personar, dei fleste over 80, fleire over 90, og fleire frå avsides bygder), kunne høve med ein slik innovasjonsteori, for der innovasjonen var skjedd, skulle "råstoffet" for innovasjonen ikkje

⁷ Eg kan ikkje her drøfte korleis *hau* har oppstått i Trøndelag. Etter synopsen har innlandsbygder nord og sør i landsdelen forma *huggu*: Glåmos, Brekken, Røros, Haltdalen, Tydalen, Sørli, Norli og Snåsa. Bygdene lenger ut i Namdalen skal ha den avkorta forma *hu*: Namsskogan, Harran, Grong, Høylandet, Overhalla. Vemundvik, Klinga og Otterøy skal ha blanding av *hu* og *hau*.

finnast, det skulle vera "brukt opp". Det er likevel to problem med ei slik forklaring. Ein innovasjon /høv/ burde ha spreidd seg raskast der det før heitte /høv/, nettopp fordi steget frå /høv/ til /høv/ er så stutt. Men det er det motsette som har skjedd. I sørdelen av det nordlege *hovve*-området blir *hau* eineform så tidleg at innsamlarane ikkje har fått tak i anna. *Høv*, derimot, held seigt stand, og er notert til og med Steigen, tett opp til både det tenkte innovasjonsområdet og den nordgrensa ein skulle vente for *høv* (jf. s. 8). Det andre problemet er at det er vanskeleg å sjå noko særskilt som kunne gjort at *hau* ville ha spreidd seg frå Hamarøy - Tysfjorden – som at desse bygdene låg sentralt, var spesielt rike og hadde høg status e.l. Slik var det ikkje, og Tysfjorden hadde i tillegg liten norsk busetnad i eldre tid.

Mitt forslag er at *hau* er kommi frå Trøndelag, ikkje berre på Sør-Helgeland, men i heile Nord-Noreg. Argumenta for det er at det næraste reine *hau*-området ser ut til å vera i Trøndelag, og at to kjende spreingsmekanismer lett kunne ha spreidd ei slik form derifrå. Den eine er knytt til Lofotfisket. Lofoten var samlingsstad for fiskarar frå fjern og nær, to månader kvar vinter, år etter år. Det er kjent at mange ord og ordformer er spreidde gjennom desse årlege samlingane. Ordgeografen Ivar Modéer (1953: 124-134) reknar opp 15-20 ord som han meiner er spreidde på den måten. Han kallar dei *lofotord* (ibid:125). Modéer granskar fiskeriterminologi, og derfor er alle døma hans knytte til fiske. Men andre ord og ordformer ville også kunne ha vorti spreidde på denne måten. Iversen (1913:2) meiner til dømes at lofotfisket generelt har verka utjamnande på målføra i Nord-Noreg, og at det er hovudårsaka til at det er såpass liten skilnad mellom dei nordnorske målføra. Vi veit at fiskarar frå Trøndelag for på lofotfisket så tidleg som på slutten av 1500-talet (Sandnes 1965:318), frå Namdalen. Kan hende er det dei Petter Dass kallar *Smellen*, *Varfellen* i Den norske dalevis: Dei nordnorske innlandsbøndene sel båtar og tilfar (det lause av tre som høyrer båten til) "oc andet sligt, / som er brugeligt / I Sjøleeners stict / Sælger dem til Smellen, / Varfellen / Blir betalt med Fisken paa Giellen" (Dass 1980:9). *Smellen* "skal [...] være en Benævnelse paa de Fremmede som besøge Fiskeriet i Nordland og Finmarken" (Aasen 1983, under *smell*. Jamfør stadnamnet *Smellror* sør for Vardø, parallelt til t.d. *Finnroran* ytst i Porsangen, på vestsida). *Varfellen* skal komma av gammalnorsk *vårferill*, m., "vårfarar", som er brukt i Aslak Bolts jordebok frå 1400-talet, om tilreisande fiskarar på Træna, rimelegvis helst på vårfisket (Jørgensen 1997:149 A: *af varfellom*). *Sjøleeners stict* er Romsdalen, Nordmøre, Fosen og Namdalen (Seip 1980:275). Det ser altså ut til at det på vårfisket i Nord-Noreg på Petter Dass si tid var tilreisande fiskarar frå dei distrikta. Med *Sjøleeners stict* treng Dass likevel ikkje ha meint anna enn Namdalen, som det er kjent at det kom fiskarar frå på 1500-talet. Og den gongen heitte det venteleg *hu* (ikkje *hau*) i heile Namdalen (jf. s. 10 og fotnote 7), så *hau* kan knapt ha kommi med fiskarane derifrå. Dei storstilte lofotferdene frå dei sentrale Trøndelags-bygdene tok til i 1806 (Bjørgan 1982:4-5). Frå dei ytre bygdene i Trondheimsfjorden for det frå da av fiskarar nokså jamt utover 1800-talet, særleg frå 1850. Det målet dei brukte, skulle derfor ha vorti godt kjent i Lofoten, slik at andre kunne ha teki opp eit og anna ord frå dei. Kanskje kan ei form av ordet *hovud* ha spreidd seg lettare blant fiskarar enn andre, for dét ordet inngår i ei mengd ord knytte til fiske, med di hovudet er ein viktig del av fisken: *hauhonk* f. = *hauvorda*, f., 'honk med 20 fiskehovud', *hautrenål*, f., 'nål til å tre opp fiskehovud', *fiskhau*, n., *auorshau*, n., *torskshau*, n., osb.; *klemningshau*, n., 'ein matrett av torskehovud', *haukjøpar*, m., *haubåt* m., 'båt som kjøper fiskehovud', osb. (døme frå H. Chr.-samlinga). *Kamshau* og *rafshau* er gamle matrettar av fiskehovud (Bork 1956:15, 20). Slike samansettingar er det mange av, og det ser ut til at *hau* har slått særleg lett gjennom i samansette ord. Iversen (1913:76) seier det mesta berre var i "i sammensetninger som: *hau`verk*" at *hau* hadde fått innpass på Senja i 1913 (rettare sagt da Iversen samla materialet sitt; det skal ha vori ikring 1905, opplyser Helge Stangnes). Olssen (1958:50) seier det same om Brønøy-målet (han nemner *hauverk*, *hautenna* og *feskshau* som døme), og om Andøya

seier Hallfrid Christiansen (H. Chr.-samlinga) at *hovve* ikkje blir brukt i samansettingar, berre *hau*. (Det stemmer likevel ikkje heilt, som vi såg på s. 9, *hovve* levde lenge i samansettingar som høyrde til visse stilnivå.) På bakgrunn av trønderfiskarane og dei mange samansette *hau*-orda knytte til fiske, skulle det høve at *hau* i *hovve*-området ser ut til å ha slått gjennom fyrst på innersida av Lofoten, og dessutan i ytre Ofoten og i Hamarøy (jf. s. 7), som kan sjåast som tilgrensande område. På bakgrunn av dette skulle det òg høve at *hau* i *høv*-området fyrst blir vanleg i nord, nærast Lofoten (i tillegg til i sør, nærast Trøndelag).

Eg ser det som sannsynleg at Trøndelags-fiskarane har hatt ein del å seia for spreinga av forma *hau*. Men eit par ting tyder på at *hau* har hatt fotfeste i Nord-Noreg lenge før 1806, da dei store, trøndske lofotferdene tok til. Laugesen Bork har notert *hau* i tre samansette ord i Bø i Vesterålen så tidleg som i 1698: *Haukop* (*Hou-Koop*) 'Hoved-Swimmel' (Bork 1956:14), *rafshau* (*Rafshou*), n. 'hoveded af Helleflynderen tørrit' (ibid:20), *kamshau* (*Kams-hou*), n. 'fiske-hoveder ferske fylt med gryn og fiske-lever sammen menget [...]' (ibid:15). Laugesen Bork var frå Innerøya i Trøndelag, og blanda nokre ord derifrå inn blant vesterålsorda (jf. Myrvang 1986:72 ff). Det kunne derfor tenkjast at desse orda var blant dei, men det er tvilsamt. *Haukop* er, så vidt eg veit, elles berre kjent frå Buksnes (*hovekop*, Frette 1944:501) og Lurøy (*høvkop*, H. Chr.-samlinga). *Rafshau* er ikkje notert i Trønderordboka (Dalen og Jenstad 1997), og at *kams*, m. 'boller av fiskelever og mel' (Torp 1992), som *kamshau* kjem av, på Innherad heiter *kangs* (ibid), tyder på at *kamshau* ikkje er noko Innerøy-ord. Det andre som tyder på at *hau* hadde fotfeste i Nord-Noreg før 1806, er at Petter Dass brukar ei samansetting med *hau*- i Nordlands trompet frå slutten av 1600-talet. Det dreiar seg om ordet *hovudvorde*, f., som eg nemnde ovanfor på s. 11, og som Dass i fleirtal skriv *Hov-vorer*⁸ og *Hauvarer* (Dass 1982:117). Eg knyter ordforma til målet i Alstahaug - Vefsn - Nesna, som Dass kjende best, og som pregar diktinga hans sterkast (Jakobsen 1953:38, 46). Det kan tykkjast vanskeleg å godta desse belegga, når *hovve* og *høv* over 200 år seinare er levande der belegga skal vera frå (jf. Martinussen 1907 når det gjeld Bø; synopsen og H. Chr.-samlinga når det gjeld Alstahaug). *Hauvorder* hos Dass kan tenkjast å vera trønder, sidan Dass budde nokre år i Nærøy i Namdalen i oppveksten. Men den gongen, på midten av 1600-talet, heitte det truleg *hu*, og ikkje *hau*, i heile Namdalen (jf. s. 10), og korkje *hovudvorde* (*hau*-) eller *vorde* 'honk med fiskehovud' er notert i Trønderordboka. Dessutan skal vi hugse på at det kan ha vori berre i samansetting *hau* hadde fått innpass ikring 1700, slik som på Senja da Iversen samla materialet til avhandlinga om Senja-målet (Iversen 1913:76 og ovanfor s. 11). Og *hovve* har stått seigt imot også dei siste 100 åra, som vi lettare kan følgje. I dag, snart 100 år etter at Iversen var på feltarbeid (ikring 1905), har *hau* teki over på Senja, også i sjølvstendig stilling. Men *hovve* er enno kjent, og brukt i eit visst stilnivå. Når vi tek med at *hau* venteleg var kommi inn, i samansettingar, ei tid før Iversen var på feltarbeid, og at språkendingane har gått raskare på 1900-talet enn i hundreåra før, blir ikkje dei 200 åra så urimelege. Kor som er, er det vanskeleg å komma utanom to uavhengige belegg for samansettingar med *hau* frå slutten av 1600-talet.

Skal *hau* ha kommi frå Trøndelag, må det derfor ha kommi gjennom ein kanal som var open før slutten av 1600-talet. Den kanalen kan ha vori jektefarten og trondheimsborgarane sin handel nordpå. Fram til reformasjonen dominerte erkebispem i Trondheim og hans folk

⁸ Her brukar Dass skrivemåten *Hov*, som i alle fall delvis er dialektal (dansk *hoved*). Like nedanfor skriv han i bunden form *Fisk-Hovet* (Dass 1982:117). Det er ikkje visst kva dialektuttale som ligg bakom desse skrivemåtane. Kan dei takast bokstavleg, så strekte det sørlege *hove*-området seg noko lenger nord på Petter Dass si tid. Men det kan tenkjast at det dreiar seg om dialektforma *høv* i delvis normalisert form.

jektefarten på Lofoten (jamvel om det meste av tørrfiskene gjekk til Bergen), og var truleg den viktigaste maktfaktoren nordpå (Lindbeck 1978:64-67, jf. 89 og 256). Etter reformasjonen tok trondheimsborgarane over ein god del av jektefarten (ibid:78 ff.), og utover 1600-talet fekk dei i lag med bergensborgarane hand om mesteparten av jektefarten (ibid:255). Brorparten av tørrfiskene gjekk framleis til Bergen, men medan bergensborgarane kunne sitte heime og vente på kundane, reiste trondheimsborgarane ut og handla med fiskarbøndene direkte (Bottolfssen 1995:261). Det dreiv dei med minst til ikring 1840 (Bratrein 1996:348). I alle fall før 1662 tok trondheimsborgarane dessutan til å bryte forbodet mot å ligga vinteren over i Nord-Noreg, og slo seg ned i borgarleiet (Bottolfssen 1995:261, 271). I 1685 fekk dei lov til det, på visse vilkår (ibid:261). Trondheimsborgarane hadde altså mykje og direkte kontakt med folk ikring i Nord-Noreg frå slutten av 1500-talet og framover i fleire hundre år. Når målet til trondheimarane hadde høg status i kraft av å vera bymål, ville det derfor vera heilt etter læreboka om nordlendingane tok etter somt av det trondheimarane sa. Regelen er jo at statusmålet vinn fram.

Dersom dette resonnementet har noko føre seg, så skal ein vente å finne fleire lån frå trønder til nordlending frå den aktuelle perioden. Som det meste i norsk ordgeografi er det spørsmålet ikkje granska. Skulle ein granske det, ville ein elles i mange tilfelle fått problem med å skilja ut trønderorda, for dei orda som ein særleg skulle vente vart lånte frå trondheimsborgarane, er ord for handelsvarer (korn, ty, nåler, brennevin, tobakk osv.), som vel berre unntaksvis er særmerkte for Trøndelag/Trondheim. I somme av målføregranskningane som er gjorde, er det likevel nokre konklusjonar som stemmer med *hau*-forklaringa eg set fram her. Arnold Dalen (2001a:43, 45) meiner det trøndske ordet *greie*, n., 'selety' er "eksportert" til Nordland frå Trondheim og Levanger, med selety derifrå. Ingeborg Hoff (1981:240) meiner den nordnorske apokopen er yngre enn den trøndske, og at han "may have spread from Tr[øndelag] directly to the [North Norwegian] apocope district, this being the centre of the great annual cod fisheries". Dalen strekar under at den nordnorske apokopen, i motsetnad til den trøndske, må ha teki til å verke etter at skilet mellom korte og lange rotstavingar var avvikla (Dalen 2001b:207) – altså truleg tidlegast på 1500-talet. Han meiner det er "ikkje usannsynleg" (ibid) at den nordnorske apokopen kjem av påverknad frå Trøndelag, og minner om at "Trondheim var den viktigaste byen nordafjells og at det ved fiske og fiskehandel var nær kontakt mellom byen og dei nordnorske kystområda, særleg frå midten av 1500-talet" (ibid). Dalen minner dessutan om at apokopen i trondheimsmålet truleg var meir omfattande i eldre tid (ibid).

Dersom *hau* frå fyrst av vart spreidd gjennom trondheimsborgarane sin direktehandel, så kan det forklare ein ting som elles blir påfallande i materialet: At *hau* slår gjennom så raskt over store område. Når *hovve* er vorti uvanleg i Nord-Troms før det er heilt gløymt i Lofoten, da kan det vanskeleg vera berre slik at *hau* er spreidd frå Lofoten og lofotfisket, jamvel om *hau* ser ut til å slå gjennom tidleg i Lofoten. Føreset vi derimot at det har vori direkte påverknad frå trondheimarane mange stader, så blir det forståeleg at *hau* slår gjennom over så store område med så lita tid imellom. Venteleg har det hatt ein del å seia at kommunane Skjervøy, Kvænangen og Loppa i den nordre delen av *hovve*-området har hatt så mykje tilflytting frå Nord-Vestlandet dei siste hundreåra at det syner att i målføret der (Elstad 1982b:67). På Nord-Vestlandet til og med Nordfjord heiter det *hau(d)* og *haue* (synopsen), så folkeinnslaget derifrå ville ha hjulpet fram forma *hau*. Det er rimeleg å tru at den same faktoren har gjort seg gjeldande i Finnmark nord og aust for Loppa òg, sidan det også der har vori stor tilflytting sørifrå. Etter Adelaer-manntalet frå 1690 var "hele 72 % av de norske rettighetsmennene i Finnmark [...] født utenom amtet", skriv Einar Niemi (1983:245). Folk frå Nord-Vestlandet (Nordfjord til Nordmøre) var overrepresenterte blant tilflyttarane, seier han (munnleg

opplysning). I Kiby og Ekkerøy i Varanger har det vori svært tydelege nordvestlandske målføreinnslag heilt til vår tid (Elstad 1982 b: 71-72). Etter målføra i vår tid å døme (t.d. e-mål og e/a-mål, *ibid*:63), har likevel Finnmark mellom Kiby-Ekkerøy og Loppa fått mykje mindre påverknad frå Nord-Vestlandet. I alle høve gjer den store tilflyttinga til Finnmark målføresituasjonen der rotut, slik at det prinsipielt er vanskeleg å seia kva som er lydrette former, og kva som er lån. Det er grunnen til at Finnmark har hamna i ein parentes i denne drøftinga.

Men korleis kan det ha seg at *høv* held seg mykje betre enn *hovve*? Som det går fram av tabellen på s. 3, er *høv* notert som eineform i 10 av dagens kommunar, *hovve* ikkje i ein einaste. Likevel har *hau* trengt inn også i *høv*-området, berre seinare. Som det går fram av tabellen, har *hau* funnist lenge på Sør-Helgeland, Nord-Helgeland og i store delar av Salten. I dag er *hau* det vanlege i aldersgruppa opp til 60 år i tettstadene på Helgeland, meiner målføregranskaren Per Sjøvik i Mosjøen. Mary Boldermo i Korgen fortel om liknande utvikling i Hemnes og Rana. *Hau* har altså lenge vori på frammarsj i *heile* Nord-Noreg. Da gjev nok tabellen på s. 3 inntrykk av at *høv* står sterkare i høve til *hovve* enn det er grunnlag for. For, som det går fram av opprekninga på side 2, vart synopsopplysningane jamt over samla inn eit tiår eller to tidlegare i *høv*-området enn i *hovve*-området. Likevel er det klart at *høv* har stått seg betre mot *hau* enn *hovve* har gjort. Det kan ha samanheng med at *høv* er like kort og greitt å seia som *hau*, medan *hovve* er lengre og fell tyngre i munnen. I alle fall i samansetting kan det ha hatt ein del å seia, for det ser ut til at *hau* fyrst slår gjennom i samansette ord (jf. s. 11).

6. Avslutning

Somme har stussa over at *hau* og *hovve* har funnist side om side. Forklaringane som er føreslåtte er problematiske. At *hau* er lånt frå Trøndelag, verkar som den klart enklaste forklaringa, så det er interessant at det ikkje er føreslått før. Truleg har det samanheng med at *hau* blir oppfatta som ei "erkenordnorsk" form. *Hau* er ikkje berre utbreidd over mesteparten av landsdelen, men er attpåtil mykje knytt til fiske, næringa som har vori viktigast for den nordnorske identiteten. At ei slik ordform skal vera eit "handelsord" som har kommi med borgarane frå Trondheim og slått gjennom fordi bymålet hadde høgre status, har vori ein fjern tanke, naturleg nok.

7. Etterskrift

Takk til Finn Myrvang, Aud-Kirsti Pedersen og Endre Mørck for hjelp med artikkelen. Eg tek gjerne imot tips eller tilbakemelding om ting eg har teki opp her. Adressa mi er: Det humanistiske fakultet, Universitetet i Tromsø, 9037 Tromsø; e-post: eldar.heide@hum.uit.no.

8. Litteratur

- Bakken, Kristin, 2000: "Navn og restitusjon av lydendring". *Namn och bygd* 88. 5-24
Benediktsson, Hreinn: Sjú Hreinn Benediktsson
Bjorvand, Harald og Fredrik Otto Lindemann, 2000: *Våre arveord. Etymologisk ordbok*.
Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B. 105. Oslo: Novus forlag
Bjørnan, Anders, 1982: *Lofotdrifta frå Trøndelag. Ei hundreårs saga*. Staværingen [1].
Faksimile av original Trondheim 1930

- Bjørklund, Per K., 1984: "Eventyret om bjørnen, reven og smørtynna". *Håløygminne* bind 16, årgang 65. 464-466
- Bork, Jacob Laugesen, 1956: *Ordsamling fraa Bø i Vesterålen 1698*. Utg. Sigurd Kolsrud. Skrifter fraa Norsk maalførearkiv 8. Oslo
- Bottolfsen, Øystein, 1995: *Lofoten og Vesterålens historie* [3]. *Fiskerbondesamfunnet 1700-1837*. Utgitt av kommunene i Lofoten og Vesterålen
- Bratrein, Håvard Dahl, 1996: "Fraktefarta i Nord-Norge, forskningsstatus og noen forskningsperspektiv". *Håløygminne* bind 19, årgang 77. 345-354
- Brekke, Olga, 2000: *Saltendialekten. En grammatikk*. Fauske: Skjerstad og Fauske bygdeboknemd
- Christiansen, Hallfrid, 1933: *Gimsøy-målet. Fonologi og orddannelse*. Skrifter utgitt av Det norske videnskaps-akademi. II. Hist.-filos. klasse. 1932. No. 3. Oslo: I kommisjon hos Jacob Dybwad
- Colban, Erik Andreas, 1957: "... nogle Ord og Talemaader, som i Nordland næsten almindelig bruges,..." I *Norske Ordsamlingar 1810-1812*. Skrifter fraa Norsk maalførearkiv 10. 22-23
- Dalen, Arnold, 1985: "Nemningar for 'opphovning og smerte i handleden'". I Tove Bull og Anton Fjeldstad (red.): *Heidersskrift til Kåre Elstad*. Tromsø: Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø. 208-217
- Dalen, Arnold og Tor Erik Jenstad (red.), 1997: *Trønderordboka*. Trondheim: Tapir
- Dalen, Arnold: 2001a: "Trøndelag - eit ordgeografisk brytingsområde". I Jan Ragnar Hagland og Tor Erik Jenstad (red.): *Spor i trønderord. Festskrift til Arnold Dalen*. Trondheim: Tapir akademisk forlag. 35-46
- Dalen, Arnold: 2001b: "Apokopen i Trøndelag og i Nord-Norge - to ulike prinsipp?". I Jan Ragnar Hagland og Tor Erik Jenstad (red.): *Spor i trønderord. Festskrift til Arnold Dalen*. Trondheim: Tapir akademisk forlag. 205-208
- Dass, Petter, 1980: *Petter Dass. Viser og rim*. Utgitt ved Didrik Arup Seip. Opptrykk av D. A. Seip: *Viser og rim. Første samling 1934 og Viser og rim. Annen samling 1950*. Oslo: H. Aschehoug & co
- Dass, Petter, 1982: *Nordlands Trompet*. Utgitt ved Didrik Arup Seip. 6. utgåve, 1. utgåve 1927. Oslo: H. Aschehoug & co
- Ellingsen, Elling, 1993: *Ordliste fra lavangsdialekten*. Upublisert hefte
- Elstad, Kåre, 1982a: *Borgfjerdingsmål 1-2*. Tromsø-studier i språkvitenskap 4. Oslo: Novus
- Elstad, Kåre, 1982b: "Nordnorske dialektar". I Tove Bull og Kjellaug Jetne (red.): *Nordnorsk. Språkav og språkforhold i Nord-Noreg*. Oslo: Det Norske Samlaget. 9-100
- Finnur Jónsson 1967 [1912-1915]: *Den norsk-islandske skjaldedigtning*. Utg. Bind A I (tekst etter handskriftene). København: Gyldendal, 1912-1915. Gjenopptrykt København: Rosenkilde og Bagger, 1967
- Finnur Jónsson 1913-1916: *Lexicon poeticum antiquæ linguæ septentrionalis. Ordbog over det norsk-islandske skjaldesprog*. Forfattet af Sveinbjörn Egilsson. Forøget og påny udgivet for Det kongelige Nordiske Oldskriftselskab. København: S. L. Møllers Bogtrykkeri
- Frette, Thor, 1944: "Prof[essor] Schyttes ordsamling". *Håløygminne* bind 6, årgang 25. 496-501 (berre fyrste delen av ordsamlinga). Original: Erik Gerhard Schytte, 1807: "Nogle faa rare norske Ord, efter den Dialect, som i Lofoten's - Fogderie i Nordlandene, er brugelig". *Det Skandinaviske Litteraturselskabs Skrifter* 2. København: Seidelin. 59-86
- Hoff, Ingeborg, 1981: "Short survey of the dialects of North Norway". I Olav T. Beito, Arnold Dalen og Hallvard Magerøy (red.): *Opphav og samband. Utgreiingar om*

- norske målføre. Heidersskrift til Ingeborg Hoff på 70-årsdagen* [...]. Oslo: Universitetsforlaget. 229-253
- Hreinn Benediktsson 1963: "Some aspects of Nordic umlaut and breaking". *Language* 39. 409-431
- Hægstad, Marius, 1908: "Vokalharmoni i Stodmaalet". *Norvegia. Tidsskrift for det norske folks maal og minder*. Udgivet av Samfundet for norske maal og traditioner. II. bind. Redaksjon: Marius Hægstad, Amund B. Larsen. Kristiania: Grøndahl & Søns Boghandel
- Iversen, Ragnvald, 1913: *Senjen-maalet. Lydverket i hoveddrag*. Videnskapsselskapets skrifter. II. Hist.-filos. klasse 1912. No. 4 Kristiania: I kommisjon hos Jacob Dybwad
- Jakobsen, Alfred, 1953: *Norskhet i språket hos Petter Dass*. Tilleggsbok til "Håløygminne" 1952/1953. Svorkmo: Håløygminne
- Jónsson, Finnur: Sjå Finnur Jónsson
- Jørgensen, Jon Gunnar, 1997: *Aslak Bolts jordebok*. Tekstutgåve. Parallell bokmålstekst ved Tor Ulset. Oslo: Riksarkivet
- Lind, Hans, 1910: *Nordlandsvisor*. Kristiania: Norli
- Lindbekk, Kari, 1978: *Lofoten og Vesterålens historie* [2]. 1500-1700. *Det lå muligheter i strevet*. Utgitt av kommunene i Lofoten og Vesterålen
- Martinussen, Birger, 1907: *Maalet i Bø i Vesteraalen*. Norske maalføre 3. Oslo: Studentmaallaget
- Modéer, Ivar, 1953: *Norska ordstudier*. Uppsala Universitets årsskrift 1953:2. Uppsala: A.-B. Lundequistska bokhandeln
- Myrvang, Finn, 1964: *Huh-tetta. Folkeminne ifrå Andøya* 1. Norsk folkeminnelags skrifter 91. [Oslo:] Universitetsforlaget
- Myrvang, Finn, 1986: "Jacob Laugesen Borck og bømålet hans". *Bøfjerding*. Framhald av artikkel i *Bøfjerding* 1985. 62-78
- Myrvang, Finn, 1994: *Nøkkelen til Utrøst*. Værøy: Lofotboka
- Niemi, Einar, 1983: *Vadsøs historie. Bind 1. Fra øyvær til kjøpstad (inntil 1833)*. Vadsø: Vadsø kommune
- Olssen, Olaf, 1958: *Brønnøymålet. Lydverket*. Skrifter frå Norsk målførearkiv 13. Oslo: A/S Bokcentralen
- Riksheim, Vilhjelm, 1921: *Ljodvokstren i Vefsn-målet (Ner-Vefsn)*. Kristiania: H. Aschehoug
- Ross, Hans, 1895: *Norsk ordbog. Tillæg til "Norsk ordbog" af Ivar Aasen*. Christiania: Cammermeyer
- Rygh, Oluf og K. Rygh, 1911: *Norske Gaardnavne. Oplysninger samlede til Brug ved Matrikelens Revision efter offentlig Foranstaltning. Udgivne med tilføjede Forklaringer af O. Rygh. Syttende bind. Tromsø Amt. Bearbejdet af K. Rygh*. Kristiania: W. C. Fabritius & Sønner AS
- Sandnes, Jørn, 1965: *Namdalens historie til år 1600*. Namsos
- Seip, Didrik Arup, 1980: *Petter Dass. Viser og rim*. Utgåve med kommentarar. Optrykk av D. A. Seip: *Viser og rim. Første samling 1934 og Viser og rim. Annen samling 1950*. Oslo: H. Aschehoug & co
- Sjøvoll, Henrik og Svein Erik Sjøvoll, 1990: *Grovfjordlista*. Grovfjorden
- Skånlund, Einar B., 1933: *Saltamålet. Kort oversikt over lydverket*. Bidrag til nordisk filologi av studerende ved Universitetet i Oslo 10. Oslo: Aschehoug
- Stangnes, Helge, 2000: *Kjøss meg på måndag – så har du heile vekka fri. Gamle ord, ordtak og regler frå Senja, Sør-Troms og Midt-Troms*. [Finnsnes?:] Nordkalott-Forlaget. Sør-Senja bygde- og historielag
- Steen, Marcus Fredr., 1993: *Ordsamling fra Carlsøe 1835*. Utg. Nils M. Knutsen. Tromsø: Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø

- Torp, Alf, 1992 [1919]: *Nynorsk etymologisk ordbok*. Oslo: Bjørn Ringstrøms antikvariat.
Faksimile av originalutgåva frå 1919
- Øines, Sverre, 1993: *Ordsamling over fauskedialekten rundt 1900*. Fauske: Skjerstad og Fauske bygdeboknemnd
- Aasen, Ivar, 1983 [1873]: *Norsk ordbok*. Fotografisk reproduksjon av 1873-utgåva, som var "Anden forøgede Udgave af Ordbog over det norske Folkesprog", P. T. Mallings Boghandel, Christiania. Oslo: Fonna forlag